



Norges Fjordhestlag
Myroldhaug
6770 Nordfjordeid

Referat frå styremøte
Norges Fjordhestlag

Møte:	10/15
Tid:	Fredag 6. november 2015
Stad:	Hell, Trondheim

Desse møtte

Janne Seilen på skype
Anne Karin Løken
Knut R. Thunheim
Vidar Heggheim
Jenny Johnsen
Bjørn Vollstad, ordstyrar

Saker til orientering etter førre møte :

- Genbank for nasjonale hesterasar

Sak 79/15: **Godkjenning referat møte 09/15.**

Vedtak:

Referat frå møte 09/15 godkjent.

Sak 80/15: **Godkjenning av ny dommar for Fjordhest**

Det er forslag på Nils Runnane som ny fjordhestdommar, og han har formell dommarutdanning frå Norsk Hestesenter.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner Nils Runnane som fjordhestdommar.

Sak 81/15:

Val av kåringsnemnd 2016.

Avlsutvalet har dette forslaget til kåringsnemnd for 2016 :

Nils Ivar Dolvik, leiar
Anne Siril H. Bruland
Live Enerhaugen
Arne Eide
Kari Indrebø
Kristen Vines

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag godkjenner framlegget frå avlsutvalet.

Sak 82/15:

Fordeling av avlsmidler for 2015.

Vedtak:

Styret i Norges Fjordhestlag vedtar tildeling av avlsmidler etter forslag frå avlsutvalet til unge hopper og hingstar i avlen etter gjeldande retningslinjer, og til samling for fjordhestdommarar.

Sak 83/15

Innspel til LMD om endring av stønadsordning for bevaring av nasjonale hesterasar.

Vedtak :

Norges Fjordhestlag kjem med innspel til Norsk Genressurssenter om at ein prioriterer tilskott til unghest i ny nasjonal ordning.

Sak 84/15

Val av ny leiar og eventuelt ny medlem i aktivitetsutvalet .

Aina Huseby har trekt seg som leiar og medlem i aktivitetsutvalet.

Vedtak:

Vara til aktivitetsutvalet Hanne Svendsgard går inn som ny fast medlem, og utvalet konstituerer seg sjølv.

Sak 85/15

Status Fokus Unghest

Leiar i styringsgruppa Hanne Fjerdingby Olsen har sendt status over for prosjektet.

Vedtak:

Styret tek rapporten til vitande, og tar tak i utfordringane i samarbeid med LD og LNL.

Sak 86/15

Innspel til neste møte 25. november i Landbruks og Matdepartementet.

Norges Fjordhestlag er bedne om uttale i forhold til prioriteringar i handlingsplanen for nasjonale hesterasar, framtidig system for dommarutdanning og framtidig organisering.

Vedtak:

Styret sendar inn innspel innan fristen. Ein går for samarbeid med dei to andre raseorganisasjonane i saka så langt det let seg gjere.

Nordfjordeid den 15. 11. 2015.

Asle Espe